



Fullriggaren CHRISTIAN RADICH, bygd på Framnes Mek. Verksted i 1937 som skuleskip.

I slutten på neste veke vil alle med maritim interesse få sjå mange staselege seglskuter i Storsund på seglasen til Bergen og Tall Ships Races. Etappen frå Fredrikstad til Bergen vert rekna som eit venskapstur der seglskutene har ungdom som medseglarar. Rosendal er ei av sju hamner som er plukka ut til å ta mot store og mindre seglbåtar i eit sosialt fellesskap.

Målet med seglasen frå Fredrikstad til Bergen er å skapa begeistring og opplevingar for ungdom i alderen 15 til 25 år. I hamnene vert det lagt inn profilering av skutene og Tall Ships Races. Dei utplukka hamnene er Arendal, Dypedal, Sirevåg, Leirvik, Rosendal , Bekkjærvik og Stusshamn .

Totalt er det påmeld 60 skuter frå 18 land. Av dei mest kjende finn vi Statsraad Lemkuhl, Sørlandet, Christian Radich, Jylland, Lord Nelson og Mir. Den russiske MIR er størst av alle. Så langt vi kjenner til vil STATSRAADEN, SØRLANDRET og CHRISTIAN RADICH koma til Rosendal.



Barken [STATSRAAD LEMKUHL](#) er størst av dei norske segskutene, bygd i 1914 og var tenkt å bli eit tysk skuleskip. Fire ungdomar frå Kvinnherad skal vera mannskap på denne etappen, fordelt på to skuter. Ingen av desse er frå Uskedalen.

Dagane, vi vil få oppleva vakre skuter i Storsund, er 19. og 20. juli. Meir informasjon om skutene kjem i neste veke når vi veit meir om kven som legg Rosendal inn som hamn.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs